

Kontrollutvalet i Hafslo idrettslag sin beretning for 2025

Kontrollutvalet skal kontrollere at styret utfører dei oppgåvene styret er tillagt etter NIFs lov §§2-12.

Kontrollutvalet har hatt 5 møter. I tillegg delteke på teamsmøte om «Kontrollutvalgets ansvar og oppgaver» i regi av Vestland idrettskrets.

Vi har utført fylgjande handlingar:

Gjennomgang av:

- Protokoll frå årsmøtet for år 2024
- Referat frå styremøta
- Materialoversikt
- Styret sin årsmelding
- Resultatrekneskap, balanse og notar 2025. Balansen syner laget sine verdier og er vurdert reelle. Vi har vurdert at notane gir dei opplysningar som er av betydning for å bedømme laget sin stilling og resultat.
- Disposisjonsrett bankkonti. Vi har vore i kontakt med Luster Sparebank og gjennomgått oversikten over dei tillitsvalde sin disposisjonsrett til dei ymse konti som Hafslo IL har.
- Tilgang til rekneskapssystemet. På rekneskapskontoret sitt nye system får tillitsvalde tilgang til systemet og godkjenner faktura elektronisk. Vi har hatt gjennomgang av den tilgang dei tillitsvalde har til systemet.

Kontrollert:

- Føreteke delvis rekneskapsrevisjon for 2025
- Rekneskapsmessige periodiseringar.
- Attestasjon og dokumentasjon av ein del kostnader.
- Vesentlege inntekter mot avtaler og annan dokumentasjon.
- Handsaming av kontantar på Haustmarknad

Rekneskapen syner eit overskot på kr 729 957,-

Ved årsavslutning 2025 var eigenkapital på kr 5 873 622,-

Kontrollutvalet har følgjande merknader til forvaltninga/styring av laget og den framlagte rekneskapen:

Styret har følgd opp årsmøtet sine vedtak.

Basert på det materialet vi har fått oss framlagt, er det ikkje grunnlag for ytterlegare merknader ut over det som går fram av denne beretning.

Kontrollutvalet har ingen merknader til det framlagde årsrekneskapen.

Konklusjon:

Kontrollutvalet sin konklusjon er at styret har utført dei oppgåvene som det er tillagt etter loven, og kontrollutvalet tilrår at styret si beretning og laget sitt årsrekneskap for 2025 vert godkjent av årsmøtet.

Hafslo, 11.02.26



Hermann Odd Stein



Gerd Westby